




Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep.
0030 OSLO



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200803918-3/641/PMEK


Dykkar ref.:
2006/03392 KU/KU2

Bergen, 09. juni 2008

Rapport om tradisjonelt håndverk. Høyringsfråsegn frå Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune viser til utsending av rapport om kulturhandverk dagsett 11.04.08 og vil gje følgande fråsegn:

I dei seinare åra er arbeidet med feltet styrka både gjennom faglege tiltak og auka politisk merksemd. Me vil her særleg vise til departementet si oppfølging av UNESCO sin konvensjonen for ikkje-materiell kulturarv som gjev relevante føringar for verneperspektivet i høve kulturhandverka. Feltet grip vidare inn i sentrale deler av regional politikk som museum, kulturminnevern, opplæring og næringsutvikling. Vidare har offentleg forvaltning og ulike museum og institusjonar, td. Norsk Handverksutvikling, innarbeidd handlingsboren kunnskap som overgripande perspektiv. Hordaland fylkeskommune ser at regionale styresmakter bør ha ei sentral rolle i utforming og gjennomføring av politiske mål på feltet. Høyringsfråsegna tek difor først og fremst opp problemstillingar knytta til samordning og struktur i høve desse forvaltingsområda.



Ill: Kulturhandverket er vevd inn i fleire av fylkeskommunen sine primær oppgåver.

Samordning og struktur:

Som politikkområde er kulturhandverk knytt til primæroppgaver i regional forvaltning, mellom dei kulturminnevern, museum, opplæring og næring. Satsing på kulturhandverk vert dermed eit sjølvstøtt tema for regional politikktutforming. Dessverre koblar rapporten i liten grad eksisterande forvaltning med utfordringane innen kulturhandverk. Me ser det som ei grunnleggande svakhet.

Feltet kan styrkast ved ei innarbeiding i eksisterande forvaltingsstruktur, særleg i høve opplæring- og museumsfeltet. Vidaregåande opplæring tek i mot størstedelen av ungdomskulla og behova i lokalt næringsliv vert tekne omsyn til i fagopplæringa. Ved samordning med musea kan også deira behov for opplæring og utvikling av kulturhandverk takast i vare. Gjennom musea vil ein dessutan sikre at dei lokale og regionale kulturhistoriske særtrekka vert tekne hand om på best mogeleg vis.

Hordaland fylkeskommune ser ikkje trongen for ei ny nasjonal eining som i samarbeid med regionale kompetansesenter skal leggja til rette for næringsutvikling og kommersialisering.

Kulturhandverksfeltet er i omfang såpass lite at slike 'skuggestrukturar' på sida av ordinær forvaltning kan svekke heilskapen i satsinga på feltet. Hordaland fylkeskommune trur at ei styrking av eksisterande forvaltning vil vere ei effektiv og meir robust løysing.

Museum:

Kulturvern omfattar *kulturminnevernet* (Miljøverndepartementet) og *museumsfeltet* (Kultur og kyrkjedepartementet). Landsdels- eller universitetsmusea er underlagte Kunnskapsdepartementet og kan haldast utanfor. I Sverige nyttar ein til samanlikning oftast berre eit omgrep, "kulturvård". I Noreg er feltet knytt saman i godt etablerte forvaltingsstrukturar. Miljøverndepartementet, Riksantikvaren og fylkeskommunane utgjer forvaltingsledda i kulturminnevernet. Kultur- og kyrkjedepartementet, ABMU og fylkeskommunane svarer til dette innan museumsfeltet. Til saman handterer dette apparatet heile kulturvernfeltet. Rapporten er utydeleg og ber preg av ei uklår forståing av desse strukturane. I teksten nyttast td. kulturminnevern som nemning på heile feltet. Ein etterlyser mellom anna eit sterkare fokus på lause gjenstandar og tekstilar i kulturminnevernet - I norsk forvaltning er dette ei oppgåve som høyrer musea til.

Museumsreformen som vart initiert av Kultur- og kyrkjedepartementet og gjennomført av ABMU og fylkeskommunane, har etter vårt syn styrka musea si rolle som samfunnsaktørar. Rapporten legg i liten grad denne endringa til grunn. Museumsomgrepet nyttast først i avledda form som eit negativt lada ord: "... noe musealt som hører fortiden til..." (s.8) og seinare "...museale image..."(s38). Ordbruken og innhaldet i rapporten kan tyde på at ein meiner at musea har utspelt si rolle når det gjeld bevaring og vidareutvikling av kulturhandverk.

Hordaland fylkeskommune ser musea som sentrale aktørar i samfunnet og understrekar deira rolle for bevaring og vidareutvikling av kulturhandverka. Me viser her til Fylkesdelplan for museum 2003-2008: "*Eit museum er ein ikkje-kommersiell, permanent institusjon som skal tena samfunnet og samfunnsutviklinga. Institusjonen skal vera open for publikum. Eit museum skal samla inn, bevare og sikra, forska i, formidla og stilla ut materielle vitnemål om menneska og omgjevnadene deira. Formålet er å gje høve til studiar, opplæring og oppleving*".

Fleire har peika på at musea sitt arbeid med innsamling og dokumentasjon om handverk og gjenstandar primært har hatt ei teoretisk tilnærming og i alt for liten grad har teke på alvor den prosessuelle kunnskapen knytt til handverk. Både museumshandverkarar og andre museumstilsette (historikarar, etnologar, profesjonskonservatorar osv) utfører likevel viktige oppgaver i høve bevaring og dokumentasjon og som utøvarar av handlingsboren kunnskap. Fylkesdelplanen legg stor vekt på å sikre og å utvikle kompetansen for dette i samråd med musea. Eit stort gjenstandsmateriale knytt til kulturhandverk vert oppbevart og sikra i institusjonane. Musea sine samlingar dokumenterer feltet og kan gje grunnlag for forskning om handverk og teknikkar som er gløymde, der tradisjonsberarane er vekke, og der kjeldematerialet bør granskast på nytt. Kunnskapen knytt til handverk må styrkast i musea og koblast saman med dokumentasjon og kulturhistorisk gransking i brei forstand. Statleg og regional satsing på kulturhandverk må ta høgde for dette slik at musea si rolle i høve til kulturhandverka vert styrka.

Sambandet mellom museumsfeltet og kulturhandverk vil etter vårt syn styrke arbeidet med bevaring og virareutvikling av tradisjonane. Eit døme på dette kan vere Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med Economuseum, der produksjonsbedrifter tufta på kulturhandverk kombinerer økonomisk berekraft og visningsføremål.

Kulturminnevernet

Mykje av det levande kulturhandverket er knytt til bevaring av faste og lause kulturminne, fartøy mv. Dei statlege og regionale kulturminnestyresmaktene vert dermed premissleverandørar gjennom forvaltingspraksis (dispensasjonar, løyvingpolitikk mv) og i gjennomføring av prosjekt og tiltak. I høve den offentlege organiseringa av kulturminne og museumsfelta i ulike departement og direktorat får fylkeskommunane ei viktig rolle ved å ha det regionale ansvaret innanfor begge sektorar og ved å samordne politikken på feltet.

Eit døme på dette kan vere Hordaland fylkeskommune si satsing på kulturhandverk i bygningsvernet. Fylkeskommunen er regional forvaltingsstyresmakt for kulturminnevern, men har i tillegg eigen bygningsvernteneste med lærlingar knytta til vidaregåande opplæring. Bygningsverntenesta arbeider med dokumentasjon av kulturhandverk og kunnskap hjå tradisjonsberarar, gjennomfører praktiske tiltak, kurs og opplæring mv. Fylkeskommunen finansierer vidare bygningsvernkonsulentar ved fleire av museumseiningane. Desse bidreg til å føre vidare den lokale kompetansen. Prosjekt Bryggen er eit statleg finansiert istandsettingsprogram for verdskulturminnet. Fylkeskommunen si prosjektleiing og arbeid mot handverkarmiljøet er ein viktig arena for antikvarisk bygningsvern. Arbeid med kulturhandverk er dels eit mål i seg sjølv og dels eit redskap i kulturminnevernet. Prosessuell kunnskap, bruk av tradisjonsberarar, kunnskapsoverføring i praksis, tradisjonelle verktøy og materialforståing er omgrep som står sentralt i spennet av alle desse tiltaka som skjer samarbeid mellom offentlege og private partar, museum og institusjonar.

Næringsutvikling:

Levande kulturhandverk er avhengig av å stå i verdiskapande samanhengar. Rapporten ser koblingspunkt mot næringsliv, bransjeorganisasjonar, lag oa. Kulturhandverk vil likevel ofte ha marginalt innteningspotensiale. Rapporten viser i fleire eksempel at verdiskaping i kroner og øyre aldri kan verte hovudmotoren i utviklinga av eit kvalitativt godt kulturhandverk. Når det gjeld bygningshandverk, som står så vidt sterkt både i musea og i kulturminnevernet, trur me at ein kombinasjon mellom offentlege ressursar og den kommersielle marknaden kan ha ein god funksjon, og me stiller oss positive til å gje verdiskapingsperspektivet på dette området noko større plass enn i dag.

Hordaland fylkeskommune trur ikkje at den kommersielle marknaden aleine er ein egna "motor" for kompetanseutviklinga i kulturhandverk. Me trur heller ikkje at modellen frå Verdiskapingsprogrammet for mat høver for alle kulturhandverka. Mykje har fungert godt i matprogrammet for småskalaprodusentar av gårdsmat o.a., men ein får også lett døme på "invention of traditions" (Hobsbawm 1983) - som f.eks. ramsløk-pure, som blir marknadsført som eit tradisjonelt produkt frå Sunnhordland, men som verken er eksklusivt derfrå eller har særleg lang tradisjon. Om ikkje denne kunnskapen vert forankra, og kvalitetssikra i samspel med td. musea, men avheng av ein kommersielt marknad, kan kulturhandverk reduserast til forenkla kunnskap og mistydde tradisjonar.

Regional forvaltning forvaltar viktige økonomiske ordningar der kulturhandverk kan sjåast som del av meir overgripande og samansette satsingar og der næringskomponenten vert kombinert med andre omsyn. Verdiskapingsprogrammet for kulturminnevern har gjeve gode døme på dette. Regionalt utviklingsprogram, konsesjonskraftmidlar, museumstilskot, midlar til kulturminnevern, næringsutvikling, opplæring mv. er relevante virkemiddel som fylkeskommunane disponerer.

Videregående opplæring:

Videregående opplæring har ein struktur som er effektiv, fangar opp størstedelen av ungdomskulla, er robust, og har lang tidshorisont. Det er ein føremon om satsinga på kulturhandverk kan knytast sterkare til dette systemet. Dermed rekrutterer ein utøvarar frå den største gruppa av unge og sikrar ei godt forankra opplæring. Det vil vere viktig å løyse barrierer. Samarbeid med tradisjonsberarar og langsiktig tenking må styrkast med betre samordning og fleksibilitet over fylkesgrensene.

Hordaland fylkeskommunen kjenner seg ikkje att i utgreiinga si påstand om at vaksne vert "stoppa" i vidaregåande opplæring dersom dei ønskjer å ta opplæring innan små fag. Ordninga "Full opplæring i bedrift" gjer at ein er lærling i heile opplæringstida og tar teorien undervegs, td ved å gå på skule ein dag i veka. Hordaland fylkeskommune gjer sitt beste for å gje eit opplæringstilbod ("lærlingskule") uansett fag. Det som utløyser tilbodet er at vedkomande lærling greier å finne seg ein læreplass.

Omgrepet "behov" i samanheng med rekruttering vert nytta ukritisk i utgreiinga (s.23), som om behov og rekruttering reflekterer faste størrelsar. Ein kan gå ut frå at både behov for opplæring og rekruttering av nye elevar/studentar vert påverka av at det finns stabile opplæringstilbod over tid, og at desse er kjende på lokalt, regionalt og nasjonalt plan. For å betre rekrutteringa til kulturhandverka innan vidaregåande opplæring bør grunnskulen sitt samarbeid med musea styrkast, til dømes ved å leggje til rette for verkstadpedagogikk i musea. Dermed kan elevane tidlig få erfare gamalt og nytt, material og verktøybruk, manuelt og industrielt framstilte produkt, teknologi- og industrihistorie og natur- og ressursgrunnlag mv.

Kulturhandverk kan trenge strakstiltak for å hindra tap av kompetanse. Rapporten peikar i liten grad på kor sårbare nokre handverk er om det lokale næringslivets med sine egne behov og marknadstenking skal ta hand om kompetanseutviklinga. For mange av kulturhandverka er offentlege støtteordningar og verkemidlar naudsynte, og desse kan med fordel forankrast i musea og i fagopplæringa.


I mange av kulturhandverka vart opplæring sikra ved kunnskapsoverføring frå ein generasjon til den neste. I dag vert det lagt lite vekt på kor langsiktig ein må tenkje innanfor tradisjonelle handverk. Utøvarane får ingen langsiktig tryggleik for jobben og for faget si utvikling. I utgreiinga vert mangesysleri for handverkarar deltilsett i museum eller skoleverk sett på som noko negativt reint næringsmessig, av di dei då ikkje kan utøva handverket som levevei (s.31). Men dette kan og sjåast på som ein realistisk og god mogelegheit for kulturhandverk å overleve på, og ein måte å oppnå ein større fleksibilitet mellom museum og opplæringsinstitusjonen – om ein tenkjer seg at lærekrefter kan veksle mellom å vere tilsett i museum og i skole.

Fylkeskommunen er ansvarleg for vidaregåande opplæring og har delansvar for svært mange av dei regionale musea, og har på den måten ein nøkkelposisjon. Tilbod og etterspørsel som vert skapt i høvet mellom dei to sektorane gjer at ein må styrke samarbeidet og samordninga mellom dei regionale musea og vidaregåande opplæring.

Konklusjon:

Hordaland fylkeskommune tek rapporten til etterretning og vil he om at Kultur- og kyrkjedepartementet ser utviklinga av statleg politikk for kulturhandverk i lys av eksisterande forvaltingsnivå og ordningar innan museumsfeltet, kulturminnevernet, vidaregåande opplæring og regional næringsutvikling. Ivaretaking av kulturhandverk er ikkje ei utfordring som aleine kan løysast gjennom næringstiltak, men treng ein langsiktig og solid kulturpolitisk retning.

Med venleg helsing,



Ingebjørg Astrup
Fylkeskultursjef



Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Sakshandsamarar: Inger Marie Egenberg, Anne-Sara Svendsen

Kopi: Riksantikvaren
ABMU
Miljøverndepartementet